

Innovative, allsidige
og kvalitetsbevisste!



Viktig leverandør til næringslivet i Hordaland i snart 20 år!

Kunne du tenkt deg:

- nytta kunnskapen og kompetansen din
- å ta del i arbeidslivet
- ein meir aktiv og sosial kvardag

Då er Tysnes Industri staden!

- Me tilbyr arbeid med individuell tilrettelegging til dei som har stønad frå NAV.



Tysnes Industri tilbyr sine tilsette:

- tilpassa arbeid og arbeidstid
- variasjon i arbeidsoppgåver og utfordringar
- moglegheit for å lære nye ting
- godt sosialt miljø
- ein meningsfull kvardag

Alle får god opplæring som er tilpassa den enkelte, i eit sosialt og triveleg arbeidsmiljø.

Føler du at dette kan være noko for deg?

- Då ynskjer me at nettopp **du** blir ein del av vårt gode arbeidsmiljø, og ein del av teamet vårt!



Kundar, produkt og produksjon:

Tysnes Industri er ei nytenkande, allsidig og kvalitetsbevisst bedrift, som har eit breitt spekter av produkt og tenester.

Derfor vel over 15 bedrifter i Hordaland Tysnes Industri som sin underleverandør. Nokre av kundane våre er: Wärtsilä, Rolls-Royce, Harding, Tysnes kommune, Windsor, Dalsgård Hundemat og Haaheim Gaard.

Bedrifta har brei erfaring innan produksjon og produktutvikling, og er alltid open for spennande samarbeid med nye kundar.

Ta gjerne kontakt med oss, me tek utfordringar på strak arm!

Lurer du på kva Tysnes Industri driv med?

MONTASJE

Her har ein stor variasjon, alt frå pakke- og monteringsjobbar til samanstilling av elektriske komponentar. Me er også dei einaste i landet som produserer isolasjonslokk for gatekummar.



Hjelpemiddel

Tysnes Industri driftar kommunen sitt hjelpemiddellager. I tillegg til utkøyring og montering, har me vedlikehald og reparasjon av hjelpemidla.



SØM / PROFILERING

Med vår 4-nåls broderingsmaskin lagar me flotte produkt til ulike kundar. Me broderer på alt frå handdukar til uniformer og klede. I tillegg har me enklare reparasjon av eige tøy, og i periodar tek me oppdrag frå andre kundar.



TYSNESINGEN.NO

Me eig og driftar nettsida som har både store og små nyhende, helsingar, marknadsplass og reklame annonsar. Arbeidsoppgåvene her har eit stort spenn, frå bearbeiding av tekst og bilde til fotografering og utarbeiding av reklamar. Me har faste lasarar, og sida har rundt 3000 visingar kvar dag.



www.kjøpekjelleren.no Tysnes@kjokewstiftas.no	Diverse til salgs Kjøkkenbord, flatkjølem og tv-bord. 21.000 Leik meir	Ford Mondeo til salgs 175000 Km. GI BIL 21.000 Leik meir
Njardar/Tysnes		
Treco-Bil AS		
Tysneslyd!		
Maskeintrener ARIL D T. GJERSTAD		
Mandelhuset	Snekke til sals Er det nokon som har lyst på ei solid trenoskøy? 21.000 Leik meir	EL SÆKKEN for sikkerhets skyld
H.L. AS BYNÅL AS 2000 Årnes Tf: 53 43 50 27	Følger til salgs Følger med gode sommerdekk 195/55 R15 (5mm) 20.000 Leik meir	
Tysnes assejelle	Diverse DeWalt utstyr selges 1 stk. håndoverfres og 1 stk. sirkelsag Alt er selgt! 20.000 Leik meir	Tohjulstraktor til salgs Liken shibaura Tohjulstraktor til salgs 20.000 Leik meir
Tysnes Båtutleie AS Fiskegjøding, båtar, hytter		
Byggemeier Rorøy Klubbare		
Uppdal Tlf: 53192000		

VASKERI

Me vaskar tøy for fleire bedriftskundar. Dei største kundane er Tysnes Sjukeheim, Haaheim Gaard og ferjene til FosenNamsos. I tillegg leiger me ut og vaskar matter til 30 bedrifter på Tysnes. Desse vert skifta på vekesbasis.



Vaskeriet vårt er eit moderne barriere-vaskeri. Me har store industrimaskinar både til vask og tørk av tøy. Den store rulla vår som er gassdriven, både stryk og brettar automatisk!

AVDELING TRE

Store bedrifter som Wärtsilä, Rolls-Royce, Windsor og Harding har valt oss til å produsere spesialtilpassa transportkassar, pallar og båtkrakkar.

Avdelinga har moderne maskinar og utstyr: datastyrt sag, fres, bandslipar, spikarpistolar og ulike typar truckar for å løyse dei varierte arbeidsoppgåvene.



TRANSPORT

Alle varer som bedrifta produserer, transporterer me ut til kundane våre med egne bilar. Innimellom tek me også på oss større og mindre transportoppdrag for bedrifter og private.



SIM

Me samarbeider med SIM, og er ein del av teamet som driftar Miljøstasjonen i Tysnes kommune.



Synest du noko av dette verkar interessant?

Ta kontakt med oss!

Du er hjarteleg velkomen til ei uforpliktande omvising,
eller berre ein hyggeleg prat!

Kontakt oss :

Ole Johannes Støle, Dagleg leiar
May Britt Meland, Attføringsansvarleg

Tlf.: 53 43 16 60

E-post: postmaster@tias.no

Heimeside www.tias.no

Våre opningstider er:

måndag - fredag

kl. 07.30 – 15.00



Du finn oss også på Facebook!